



Fylkesmannen i Oppland  
Postboks 987  
2604 Lillehammer

Oslo, 09. mai 17

## **FORSLAG OM VERN AV TIDELEGARE HJERKINN SKYTEFELT - UTALE FRÅ NORGES FJELLSTYRESAMBAND (NFS)**

Viser til h yringsdokumenta og avtale om utsett h yringsfrist.

### **Generelle kommentarar til h yringsforslaget:**

NFS ber forvaltningsmynde legge vekt p  uttalane fr  ber rte fjellstyre. B de Dovre og Lesja fjellstyre har areal innaf r f resl tt verneomr de. Begge organa har lang erfaring med forvaltning av bruksrettar p  statsallmenning samtidig som dei skal balansere interessene i forhold til bruk og vern.

Av omsyn til bruksrettane i omr det, er alternativ 2   f retrekke. Vegane i omr det har vore utgangspunkt for bruken av omr da. Fjerning av vegsystem vil f re til stor omlegging for beitebruken av i dag, samt for framtidig bruk.

### **Spesielt for statsallmenningane:**

Statsallmenningane er ein spesiell eigedomstype med r ter tilbake til tidlegare rettstradisjonar der bruksrettar var sentrale, medan grunneigarretten var lite utvikla. For lokalsamfunn med bruksrett p  statsallmenning har eit vern av statsallmenningsareal dei same konsekvensane som vern p  privat grunn. Bruksrettane har vore og er framleis eit viktig grunnlag for eksistensen til mange bygder. Tradisjonelle bruksformar som setring og beite er framleis av stor betydning for produksjon av mat og milj - og kulturgodar.

Etter   3 i fjellova skal fjellstyret administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende ("herlegheiter") i statsallmenningen. Fjellstyret skal arbeide for   sikre at allmenningen vert brukt p  ein m te som fremjar n ringslivet i bygda og tek vare p  naturvern- og friluftinteressene. Av dette kan det konstaterast at fjellstyra skal syte for ei balansert forvaltning av viktige utmarksareal i S r- og Midt-Norge, der det er mange interesser som skal vegast mot kvarandre.

### **St lsbruk, beitebruk og tilleggsjord**

Fjellstyra har ved innf ring av vern etter naturmangfoldlova framleis forvaltningsmynde etter fjellova, bl.a. n r det gjeld bruksrettar knytt til landbruk i statsallmenning. Fjellstyras ansvarsomr de/arbeidsfelt er dei same uavhengig av om statsallmenninga er verna etter naturmangfoldloven eller ikkje.

Sj lv om oms kte tiltak f r l yve etter verneforskriftene og i tr d med forvaltningsplanen, skal tiltak p  statsallmenning ogs  ha l yve etter fjellova. NFS trur det er avgjerande at saksgangen er best mogeleg opplyst i forvaltningsplanen, slik at misforst ingar om oppg ver

og mynde kan avgrensast. Tidlegare erfaringar tilseier også at dette er nødvendig av omsyn til tiltakshavar/brukar.

*Det bør av forvaltningsplanen kome fram ei prosedyre for handsaming av søknadar om tiltak i statsallmenning.* Dette kan gjerne skje gjennom ein dialog og avklaring mellom forvaltningsmynde og berørte fjellstyre.

NFS meiner at restriksjonane som er fastsatt i verneforskriftene og som gjeld utøving av beitebruk og stølsdrift må få ei smidig praktisering gjennom ein forvaltningsplan. Utgangspunktet må vere at landbruksdrift i verneområde må kunne utviklast i tråd med «tida og tilhøva», jf. Fjellosas § 3.

NFS visar til Dovre og Lesja fjellstyre sine uttalar på dette område for konkrete innspel.

I tilfelle der forskriftene gjev forvaltningsmynde rett til å gje dispensasjonar til motorisert transport av t.d. saltstein, vedlikehald av gjerdar (også på barmark), gjeterbuer etc, må det opnast for fleirårige løyver, t.d. 5 år. Det må også vere ei opning i forskriftene for uttransport av sjuke/skadde dyr og høve til motorisert ferdsel ved funn av beitedyr etter 1. okt. for å ivareta dyrevelferd.

### **Forvaltning**

Norsk fjellforvaltning har ein sterk lokal tradisjon, bla med kommunane og fjellstyra sine roller i medhald av plan- og bygningslov og fjellov. Den lokale forvaltninga har over lang tid bygd seg opp til å bli eit godt fungerande forvaltningsapparat. Fjellstyra har eit oppsyns- og tilsynsapparat med nødvendig infrastruktur som utstyr, hytter m.m.

Ved innføring av vern etter naturmangfaldlova blir det oppretta nye forvaltningsapparat i desse områda. NFS meiner forvaltningsstyresmakta må ha fokus på eit tett samarbeid også med fjellstyra og deira oppsyn. For å oppnå dette må det også vere mogeleg å **arrangere kontaktmøte mellom vernestyresmakta og fjellstyra.**

### **Informasjon**

Statsallmenning utgjer ein stor andel av tidelegare Hjerkinns skytefelt. Fjellopsynet vil pga sin funksjon for fjellstyret og grunneigar i alle høve vere til stades på statsallmenning innafor verneområde. Oppsynet har tradisjon for å bistå publikum med informasjon og vil etter vår meining vere ein viktig bidragsytar i informasjonsarbeidet for det nye verneområdet. Fjellopsynet har hatt, og vil ha viktige informasjonsoppgåver innafor verneområdet også i framtida. Her vil NFS spesielt vise til fjellstyra og Fjellopsynet som viktige informasjonsformidlarar om utviklinga i verneområda. NFS meiner Fjellopsynet må involverast i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg informasjonsstrategi for verneområda.

### **Oppsyn**

Fjellstyra har eit sjølvstendig ansvar for å drive oppsyn på sine område. Dette gjeld oppsyns- og feltoppgåver både av nasjonal og lokal karakter og interesse. Oppsynet er heimla i fjellova, § 36. Fjellopsynet er gjeve ansvar for offentlegrettsleg oppsyn på statsallmenning og er grunneigars (Statskog SF) representant. Fjellopsynet representerar slik ei statleg tilstadeværing i desse områda. Fjellopsynet er eit heilskapleg naturoppsyn med begrensa politimynde, der aktivitetar knytt til denne blir rapportert direkte til lokalt politi. Fjellopsynet har ansvaret for eit totaloppsyn på statsallmenning. Sjå også pkt. 4.2.3 i rapporten ”Naturoppsyn i statsallmenning. Mange fjellstyre sel også oppsynstenestar til SNO og andre.

Godkjente oppsynsordningar får dekkja halvparten av lønnsutgiftene av statskassa, jf. fjellovas § 36. Som grunnlag for godkjenning er det utarbeida ein instruks for oppsynet som slår fast at Fjelloppsynet skal prioritere førebyggjande verksemd, og gjennom informasjon, rettleiing og kontroll syte for ein forsvarleg bruk av utmarksområda, og bidra til at lovbrott vert forhindra.

Fjelloppsynet vil også etter eit vernevedtak ha mange av dei same arbeidsoppgåvene som i dag. Dei vil, når dei er ute i felten, krysse vernegrensene i si daglege verksemd. Tilsyn, informasjon, tilrettelegging og skjøtsel i forhold til vernereglar vil kome i tillegg til eksisterande arbeidsoppgåver. SNO-stillingane er i forhold til Fjelloppsynet kostbare stillingar. Det bør difor vere samfunnsøkonomisk rett å kjøpe tenestar frå eksisterande oppsynsordningar i området, slik at desse kan nyttast fullt ut. Ved oppsyn eller anna feltarbeid skal Fjelloppsynet også har tilsyn med vernereglane.

Oppsynsbehovet i verneområde må kartleggast tidleg i prosessen med ein forvaltningsplan. Organisering av framtidig naturoppsyn for Hjerkinna må skje i samråd med eksisterande oppsynsordningar, inkludert politiet. Dersom SNO får eit oppsynsansvar i det nye verneområdet, bør det først og fremst skje som ei koordinerande rolle. Oppsynet må baserast på dei lokale oppsynsordningane som eksisterar, og det skal kjøpast tenester av desse. Dette vil bli ei betydelig rimelegare løysning, enn å t.d. etablere nye faste SNO-stillingar.

*NFS meiner oppsynsbehovet må kartleggast ved oppretting av verneområde. Oppsynet må bli basert på dei lokale oppsynsordningane som eksisterar. Dersom Statens Naturoppsyn får oppsynsansvar i verneområda, må dette skje som ei koordinerande rolle, samt at det blir kjøpt oppsynstenester lokalt.*

**NFS meiner det er nødvendig og mest korrekt at Fjelloppsynet får ei beskriving i ein forvaltningsplan som er likestilt med beskrivinga av SNO.**

Arbeidsoppgåvene til fjelloppsynet går fram av Standardinstruks for fjelloppsyn, som er godkjent av LMD og gjeve i samråd med SNO og politiet.

*Fjelloppsynet sine viktigaste oppgåver er, jf Standardinstruks for fjelloppsyn;*

- ”1) Fjelloppsynet skal ivareta bestemmelsene gitt i eller i medhold av fjelloven og utføre nødvendig saksbehandling for fjellstyret.*
- 2) Fjelloppsynet skal føre tilsyn med statsallmenningen for staten som grunneier etter nærmere prioriteringer gitt av Statskog SF. Fjelloppsynet kan etter nærmere avtale med Statskog SF gis fullmakt til å representere grunneier.*
- 3) Fjelloppsynet skal føre kontroll med at lovene nevnt i lov om statlig naturoppsyn § 2 og bestemmelser gitt i medhold av disse - blir overholdt. For dette arbeidet gjelder Nasjonal instruks for naturoppsyn gitt av Direktoratet for naturforvaltning (DN) v/ Statens naturoppsyn (SNO)”.*

I samband med utøving av oppsyn/tilsyn er det nødvendig med tilgang på tilsynsbu/- oppsynsbu med heimel i fjellova. Forsvaret sin tidelegare bruk av Hjerkinna har lagt restriksjonar på bruken av området. Framtidig bruk kan generere nytt behov for tilsynsbu/oppsynsbu innafor verneområdet. Det må i verneforskrifta vere adgang til å oppføre nye tilsynsbuer/oppsynsbuer med heimel i fjellova.

Motorferdsel er i utgangspkt forbode innafør verneområde. Det må vere av stor betydning at Fjelloppsynet, som på vinteren har ansvar for oppsyn/tilsyn med heile statsallmenninga, på same turen skal utføre oppsyn med vernereglane. Det bør vere viktig for vernestyresmakta at motorisert ferdsel i samanheng med forvaltning/oppsyn blir så effektiv som mogleg, og dermed reduserast.

NFS meiner det er eit stort behov for koordinering, samarbeid og rolleavklaring mellom forvaltningsstyresmakta, SNO og fjellstyra/fjelloppsynet. Det må etablerast føremålstenelege kontaktpunkt mellom fjellstyra/Fjelloppsynet og forvaltningsstyresmakta for å få ei god samhandling mellom aktørane.

### **Fjelloppsynet**

Arbeidsoppgavene til fjelloppsynet går fram av standard instruks for fjelloppsyn. Denne ligg vedlagt.

Fjelloppsynets viktigaste oppgaver er:

1. Fjelloppsynet skal ivareta bestemmelsene gitt i eller i medhold av fjelloven og utføre nødvendig saksbehandling for fjellstyret.
2. Fjelloppsynet skal føre tilsyn med statsallmenningen for staten som grunneier etter nærmere prioriteringer gitt av Statskog SF. Fjelloppsynet kan etter nærmere avtale med Statskog SF gis fullmakt til å representere grunneier.
3. Fjelloppsynet skal føre kontroll med at lovene nevnt i lov om statlig naturoppsyn § 2 og bestemmelser gitt i medhold av disse, blir overholdt. For dette gjelder Nasjonal instruks for naturoppsyn gitt av Direktoratet for naturforvaltning (DN) v/statens naturoppsyn (SNO).”

I dei fleste dispensasjonar frå eksisterande nasjonalparkstyre er det eit krav om at SNO skal varslast (særleg motorferdselsdispensasjonar). Dette vilkåret om varsling praktiserast, etter hva NFS erfarar, ulikt hos dei enkelte nasjonalparkstyrane i Sør-Norge. NFS meiner at dersom denne varslingsplikta skal vidareførast, kan den med fordel vere gjensidig (betre koordinering av oppsynstjenesta som blir utført med snøskuter vinterstid).

I samband med fleirårige transportløyver kan fjellstyret ved årets slutt sende rapport som visar omfanget av transporten. Da får forvaltningsmynde tilgang til info om den totale transporten.

### **Lov om motorferdsel § 4: Oppsyns- og tilsynskjøring:**

Motorferdsellova § 3 har eit generelt forbod mot motorferdsel i utmark. Fra denne generelle hovedregelen er det gjort unntak i § 4, bl.a. for «oppsyns- og tilsynstjeneste etablert med hjemmel i lov: *«Det generelle forbudet mot motorferdsel i verneområdene gjelder ikke for motorferdsel ved gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsmyndigheten».*

Fjelloppsynets heimel for unntaket i MF § 4, framgår av fjellovas § 36.

At Fjelloppsynet er omfatta av unntaket er synleggjort i bl.a. Inge L. Backer sine lovkommentarer til § 4 i rettsdata ved at fjelloppsynet (og fjell. § 36) er brukt som eit eksempel på unntak. Det same er direkte uttalt i Miljødepartementets rundskriv T-1/96 pkt. 6.1. Også her er fjelloppsynet brukt som eksempel på oppsynstjeneste som er unntatt i § 4 a..

Rundskrivet er uttrykk for kva det ansvarlege departementet på dette området offisielt meiner og må vektleggast i forståinga av Fjelloppsynet sitt heimelsgrunnlag i samband med motorisert ferdsel innafør verneområde.

Fjelloppsynet har altså rett til å benytte motorkjøretøy i utmark. Det er ikke nødvendig med søknader el. De kan kjøre når det er behov for det, men berre i samband med oppsyns- og tilsynstjeneste. Rekkevidden av denne begrensningen (slike oppgaver) må antakelig avgjøres ut fra formålet med unntaket. Formålet er at forbudet ikke skal hindre ivaretagelse av viktige samfunnsmessige interesser, i dette tilfelle altså viktige oppsyns- og tilsynsoppgaver. I denne avgrensingen må sannsynligvis ligge at unntaket kun gjelder når hensikten (formålet) med kjøringen er oppsyns- og tilsynsoppgaver. Disse oppgavene må bestemmes med grunnlag i stillingsinstruks, praksis mm for Fjelloppsynet.

Tilsyn med fjellstyrehytter må gå inn under same unntaket. Instruksen pålegger Fjelloppsynet omfattende og nokså generelle oppgaver, herunder å ivareta privatrettslige rettigheter for grunneier og bruksberettigede, jf. pkt. 1. Ivaretagelse og nettopp tilsyn med fjellstyrehytter må omfattes av dette. Vitterlig er det jo at dette er en del av Fjelloppsynets arbeidsoppgaver. Instruksen bruker i pkt. 1 generelt bl.a. formuleringen «skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll» som oppsynets oppgaver. Dette må etter min oppfatning alle defineres som oppsyns- og tilsynsoppgaver.

Fjelloppsynet har som kjent mange oppgaver, og disse må kunne kombineres på samme oppdrag. T.d. opplæring må kunne skje samtidig som oppsynet utøver oppsyns- og tilsynsoppgaver. Opplæring i kjøring av snøscooter, frakt av ved og annet materiale til fjellstyrehytter mm. må kunne skje på samme tur som det utøves oppsyns- og tilsynsoppgaver. Det må f.eks. være anledning til å ta med ved til fjellstyrehytta når den uansett skal «sees til». På samme tur til fjellstyrehytta må det også være anledning til å sjekke fiskekort og utføre politioppgaver.

Fjelloppsynet utfører alltid flere arbeidsoppgaver samtidig, når en benytter scooter på vinterstid. Dette er svært effektivt og reduserer motorferdselen betydelig, mot at en for eksempel bare driver oppsyn, bare sporing av rovvilt eller bare tilsyn. En del av Fjelloppsynets oppsyns- og tilsynsoppgaver er å serve fjellstyrets åpne hytter. Dette er et tilretteleggingstiltak for allmennheten. I tilsynet inngår transport av forbruksutstyr til disse åpne hyttene som også utføres på en og samme tur. Omfanget er svært likt fra år til år.

Forvaltningsmyndigheten krever i dag at fjellstyrene skal omsøke transport av utstyr til åpne buer. Siden dette inngår som en del av oppsynets tilsynsoppgaver, må dette unntas søknadsplikt i forvaltningsplanen. Slike søknader innvilges alltid, og en vil dermed unngå unødvendig papirarbeid. Hvis oppsynets tilsynsoppgaver som er direkte hjemlet i lov, fortsatt kreves omsøkt i verneområdet, bør forvaltningsmyndigheten ha hjemmel i lovverket. Dette er forhold som i større grad må behandles på mer lik måte i verneområdene i Norge.

### ***Jordbruk og skogbruk:***

NFS meiner det er heilt avgjerande at framtidig forvaltningsplan opnar for at landbruksnæringa med tilhøyrande utmarksressursar blir gjeve rom til å utvikle seg etter ”tida og tilhøva”.

Det er mange forhold som påverkar landbruket som næring, bl.a. marknad, politikk, handelsreglar m.m. Dei gardsbruka som er mest utsett, er nettopp bruk i fjellbygdene. Desse

har små areal og er heilt avhengig av utmarksressursane som fjellet kan gje. Framtidig beitebruk er også viktig i forhold til fleire sårbare plantesamfunn. Det er difor svært viktig at det leggst opp til ei fleksibel utvikling og bruk av jordbruksareal innafør verneområde.

### **Tiltak**

Tiltaks- og skjøtselsplanar og medfølgjande økonomiske midlar, må i stor grad rettast inn mot, og støtte opp under støls- og beitebruk i endring. Økonomisk støtte bør i størst mogleg grad rettast mot brukarane på ein måte som gjer at gardbrukarane/bruksrettshavar sjølv ser seg tent med å fortsette landbruksdrifta på lang sikt.

### **Jakt og fiske**

Forbod om nye båtopplag medfører at bruksrettshavar som hadde båt ved vernetidspunktet kan vidareføre ein slik aktivitet. Bruksrettshavar som på eit seinare tidspunkt får behov for båt, vil med heimel i verneforskrift/forvaltningsplan bli nekta oppretting av båtopplag. NFS meiner dette er svært urimeleg overfor bruksrettshavarar som pga eit vernevedtak får avgrensa bruksretten sin. For å bøte på denne skeivheita meiner NFS at forvaltningstyresmakta i samarbeid med berørte Fjellstyre som eit minimum må utarbeide ein plan for kvar det er akseptabelt med båtopplag i statsallmenning. Fjellstyra bør også bli gjeve høve til å legge ut båtar for ålmenn bruk, der dette ikkje allereie er gjort, for å sikre at alle berørte har tilgang på båt ved behov.

Fjellstyra forvaltar fiskerettane på statsallmenning. For å ivareta denne og drive fiskekultivering er fjellstyra avhengig av å kunne ha båtar i opplag ved vatn med behov for auka fiske eller prøvofiske under sommeren som ein del av ressursforvaltninga. Båtane kan bli flyttet mellom vatn ved behov. Fjellstyras båtar er tilgjengelege for alle og reduserar behovet for private båtar på statsallmenning. Dette bør det opnast for uten søknad.

1.3: Nytt punkt: Naust/naustbuer oppført av fjellstyrene for utnytting av fiske

### **Friluftsliv**

Skal det for ulike aktørar vere økonomisk interessant å utvikle reiselivsbaserte aktivitetar, noko Stortinget ønskjar skal skje i og i tilknytning til verneområde, må det som eit minimum gjevast fleirårige løyver. Forvaltningsplanen gjev uttrykk for at forvaltningsstyresmakta ønskjar best mogeleg informasjon om omfang av aktivitetar som føregår i parken. Fleirårige løyver sikrar at forvaltningsmynde er orientert om kva type aktivitetar verksemda planlegg for ein avgrensa tidsperiode.

Fjellstyra driver utstrakt tilrettelegging for friluftsliv innafør verneområda og er viktige samarbeidspartar for forvaltningsmynde.

### **Avsluttande merknadar**

Ressursane til forvaltninga av verneområdene våre må aukast. Ressursane må rettast inn mot å utvikle kompetansen i lokalsamfunna rundt verneområdene. Auka ressursar til oppfølging av verneområdene med bl.a. oppsyn, bør i stor grad nyttast til kjøp av oppsynstenestar av fjellstyra. Kjøp av tenestar lokalt styrkar vernet, og bidrar samtidig til inntektsgrunnlaget lokalt. Ei godt organisert forvaltning som er lokalt basert vil auke grunnlaget for lokalt kjøp ytterligare. Berørte fjellstyre har kapasitet og ønske om å selje fleire tenestar i samband med forvaltning av verneområde. Det må vere viktigare for forvaltningsstyresmakta å sikre at nødvendige oppgåver blir løyst, enn at desse skal utførast av SNO. Dette er eit forhold

forvaltningsmynda bør vektlegge i arbeidet med å sikre vernekvalitetane i området på lang sikt.

Stortinget har ved fleire høve peika på viktigheita av lokal forankring og fjelloppsynets rolle. Dette er i tråd med anna offentlig forvaltning, der Stortinget utarbeider nasjonale målsettingar, vedtar lover og forskrifter, og tildelar kommunar og regionar forvaltningsmyndigheit og ressursar. Dette vil styrke lokaldemokratiet på miljøområdet og dermed gje lokalsamfunnet større ansvar, og også forpliktingar. Det vil også gje større lokal forståing for vernet.

NFS og berørte fjellstyre meiner det er viktig at Hjerkinns verneområde har ei langsiktig, forutseibar og fornuftig forvaltning, og vil avslutningsvis vise til § 4 i NP og LVO, samt § 8 i NR: (Generelle dispensasjonsmuligheter):

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot formålet med vernet og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, jf. naturmangfoldlova § 48.

Med helsing

**Norges Fjellstyresamband**

*Sign*

Jan Borgnes

Dagleg leiar

*Sign*

Perly Berge

Rådgjevar